



MØTEBOK ULLENSVANG FJELLSTYRE

Tidspunkt: Måndag 4. november 2019 kl. 1730-2000

Stad: Heradshuset i Kinsarvik

Desse møtte: Steinar Langesæter, Ragnar Ystanes, Hildegunn Espe, Jørund Kvestad, Synnøva Sæbø

Andre til stades på møtet: Steinar Lund (sekretær)

Saker til styremøtet:

UFS 22/19: Meldingar

UFS 23/19: Oppsummering etter sesongen og orientering om økonomi

UFS 24/19: Orienteringssak – Økonomi i Fjellstyra på Hardangervidda AS

UFS 25/19: Søknad om tilskot til bok om Litlos turisthytte

UFS 26/19: Ullensvang fjellstyre sine tankar om drifta av statsallmenningen frå 2020

UFS 27/19: Eventuelt

Steinar Langesæter/s/

Ragnar Ystanes/s/

Jørund Kvestad/s/

Hildegunn Espe/s/

Synnøva Sæbø /s/

Kopi til:

Fjellstyremedlemmer

Varamedlemmer

Fjellstyra på Hardangervidda as

Norges Fjellstyresamband

Fjellstyra kring Hardangervidda

Statskog

Odda kommune

Ullensvang herad

Hardanger Folkeblad



UFS 22/19: Meldingar

Saksdokument:

Postliste:

- 2019.04.30-145.4 Statskog - Fordeling av midlar frå Grunneigarfondet 2019
- 2019.05.01-127 Ullensvang fjellstyre - Oversending av årsmelding, rekneskap og revisors beretning 2018
- 2019.05.02-612-3 Villreinutvalet - Avgjørelse av søknad om dispensasjon fra hjorteviltforskriften § 29
- 2019.05.02-612.3 Villreinutvalet - Oversending av høyring på endring av jakttid
- 2019.05.06-352.3.Ullensvang fjellstyre-Etterspurnad på tilbakemelding på søknad om løyve til å sette opp bru over Hansbubekken
- 2019.05.13-352.3 Fylkesmannen i Vestland - Løyve til oppsetting av bru over Hansbubekken
- 2019.05.14-035.2 Ullensvang fjellstyre - melding om fullført byggearbeid
- 2019.05.20-145.9 Sparebankstiftinga Hardanger - Avslagsbrev (fjellstyrebåtar)
- 2019.05.21-145.9 Sparebankstiftinga Hardanger - Gåvebrev midlar til bru over Hansbubekken
- 2019.05.27-137. DNT Oslo og Omegn - Søknad om støtte til bok om Litlos turisthytte
- 2019.05.27-433.2 Ullensvang fjellstyre - søknad om tilskot til Fjellhelga 2019 (Ulvik)
- 2019.05.27-433.2 Ullensvang fjellstyre - søknad om tilskot til Fjellhelga 2019 (Ullensvang)
- 2019.05.27-433.2 Ullensvang fjellstyre - søknad om tilskot til Fjellhelga 2019 (Eidfjord)
- 2019.05.27-433.2 Ullensvang fjellstyre - søknad om tilskot til Fjellhelga 2019 (Fjellstyresambandet)
- 2019.05.28-145.9 Kulturdepartementet - Tilsagn om spelemidlar naustet
- 2019.06.04-32 - Buskerud fylkeskommune - Høring av forslag til Regional plan for Hardangervidda 2019-2035
- 2019.06.12-434 Ullensvang fjellstyre - Søknad om helikopterløyve i samband med bygging av bru på Hansbu
- 2019.06.13-433.2 Ulvik herad - Tilskot til Fjellhelga 2019
- 2019.06.14-612.3 Miljødirektoratet - Informasjon om endring av jakttid på Hardangervidda villreinområde 2019
- 2019.06.14-352.1 Fylkesmannen i Vestland - Kopi av info til Tilsynsutvalet om utbetring av traktorslepa til Hansbu
- 2019.06.17-434 Tilsynsutvalet - Landingsløyve Hansbu i samband med bygging av bru
- 2019.06.18-612.1 Eidfjord fjellstyre - Tildeling av fellingsløyve 2019
- 2019.06.20-433.2 Fjellstyresambandet - Tildeling av Friluftsmidlar 2019
- 2019.07.08-010 Ullensvang herad - melding om vedtak - utvida fjellstyre
- 2019.07.24-035-2 Ullensvang fjellstyre - vidaresendt søknad om godkjenning av fasadeendring på fjellstyrehytta på Raudåna
- 2019.07.24-035.2 Ullensvang fjellstyre - Tilbakemelding på løyve til graving av grøft for tøming av fellesdo på Hansbu
- 2019.07.24-433.2 Ullensvang fjellstyre - Tilbakemelding på tildeling av Friluftsmidlar 2019
- 2019.07.24-137 Ullensvang fjellstyre - Tilbakemelding på søknad om støtte til bok om Litlos turisthytte



- 2019.07.24-035.2 Ullensvang fjellstyre - Melding om fullført byggearbeid-naustet ved Nedsta Krokavatnet
- 2019.08.08-035.2 Ullensvang herad-Avslutning av sak etter informasjon frå tiltakshavar-grøft Hansbu
- 2019.08.14-612.3 Fjellstyresambandet - Høyring Viltforskrift
- 2019.08.14-035.2 Statskog - Tilbakemelding på søknad om godkjenning av fasadeendring på Raudåna
- 2019.08.15-035.2 Ullensvang herad - Etterspurnad søknad om ferdigattest naustet
- 2019.08.23-035.2 Ullensvang fjellstyre - Søknad om ferdigattest
- 2019.08.27-612.1 Eidfjord fjellstyre - Melding om vedtak - oppheving av fredingssona på Eidfjord statsallmenning
- 2019.09.3-010 Ullensvang fjellstyre - Førespurnad om forsterka fjellstyre
- 2019.09.12-120 Agro Økonomi - Orientering om byttte av driftsleverandør til Amazon Web Services
- 2019.09.18-120 Ullensvang kommune - Orientering om ny fakturaadresse
- 2019.09.24-433.2 Fjellstyresambandet - Orientering om rapportering av friluftsmidlar
- 2019.09.27-010 Fjellstyresambandet - Informasjon om utsendelse fra NFS til kommuner for oppdatering av medlemmer i fjellstyrene
- 2019.09.30-612.1 Eidfjord fjellstyre - Oppgjer for tildelt fellingskvote gjeldande for eidfjord statsallmenning
- 2019.10.03-433.2 Ullensvang fjellstyre - Rapport Fjellhelga 2019 (Fjellstyresambandet)
- 2019.10.03-433.2 Ullensvang fjellstyre - Rapport Fjellhelga 2019 (Ulvik herad)
- 2019.10.08-145.9 Ullensvang fjellstyre - Sluttrapport bru over Hansbubekken (Sparebankstiftinga)
- 2019.10.08-145.4 Ullensvang fjellstyre - Oppmoding om sluttutbetaling - bru over Hansbubekken (Grunneigarfondet)
- 2019.10.14-642 Ullensvang fjellstyre - Oppgjer sal av garnkort Eidfjord statsallmenning sør for Nordmannslågen 2019
- 2019.10.15-010 Statskog - Vedrørende kommunesammenslåing og henvendelse om forsterket fjellstyre for Ullensvang statsallmenning
- 2019.10.18-612.8 Ullensvang fjellstyre - Fellingsrapport 2019
- 2019.10.18-145.4 Ullensvang fjellstyre - Oppmoding om sluttutbetaling sak 13/7851
- 2019.10.18-145.5 Statskog - Tilbakemelding på oppmoding om sluttutbetaling sak 13/7851
- 2019.10.25-612.3 Villreinutvalet - Invitasjon til haustmøtet for Hardangervidda

Saksutgreiing:

Gjennomgang av postliste på møtet.

Framlegg til vedtak:

Inga framlegg til vedtak.



Referat:

Kort gjennomgang av meldingane ved sekretær.

Vedtak (sak UFS 22/19):

Fjellstyret tek meldingane til orientering.

UFS 23/19: Oppsummering etter sesongen og orientering om økonomi

Saksdokument:

Saksutgreiing:

Reinsjakta

Ullensvang fjellstyre var tildelt ei kvote på 382 kort. I tillegg kjem 47 kort på Eidfjord statsallmenning sør for Nordmannslågen. Alle korta blei seld. Fellingsresultatet blei 28,8% for Ullensvang fjellstyre sine kort, 38,3% for korta med tilgang på Eidfjord statsallmenning sør for Nordmannslågen.

Det blei felt dyr jamt utover heile jakta, med flest fellingar tidleg og seint i jakta.


Netto omsetnad for reinskorta er om lag 960.000,-.

Fellingsresultat 2019

Ullensvang fjellstyre HA 282	
Felt:	110
Kvote:	382
Fellingsprosent:	28,8 %

Kort på Eidfjord statsallmenning sør for Nordmannslågen	
Felt:	18
Kvote:	47
Fellingsprosent:	38,3 %

Fellingsresultat samla:	
Felt:	128






Kvote:	429
Fellingsprosent:	29,8 %

Hytteleige

Førebels oversikt over hytteutleige i 2019 viser ein netto omsetnad på 91.646,-. Dette er ein kraftig auke frå 2018, då netto omsetnad var på 38.806,-. Naustet ved Nedsta Krokavatnet har vore populært, og det har vore ein auke i utleige av Raudåna og Persbu samanlikna med 2018.



Elgjakta

Det er ikkje felt dyr pr. 28. oktober. Jakta varer fram til 23. desember.

Fjellhelga

Fjellhelga blei arrangert i Isdalen 15.-16. juli. Det var 17 deltakarar frå Ullensvang og Ulvik. Det er laga ein sluttrapport etter arrangementet, som er sendt ut til styret tidlegare.

Bru over Hansbubekken

Brua over Hansbubekken blei sett opp i sommar. Det er løyvd midlar frå Sparebankstiftinga (68.750,-) og Grunneigarfondet (25.000,-) til dette prosjektet.



Naustet ved Nedsta Krokavatnet

Inngangspartiet er gjort ferdig, og det er rydda i branntomta etter det gamle naustet.





Økonomi

Inntektene frå sal av reinskort er som forventa (men lågare enn budsjettert grunna ein feil i budsjettet). Elgjakta vil gi eit lågare utbytte enn budsjettert dersom det ikkje blir felling. Inntekta frå hytteutleiga ligg om lag 20.000 over budsjettert. Fjellhelga blei støtta med 17.000,-. Ei gåve frå Grunneigarfondet på 50.000 frå 2013 til ombygging av Raudåna er lova utbetalt no i haust. Det blir jobba med sluttrapport for å få utbetalt tildelte spelemidlar til naustet i haust.

Dei største utgiftene i løpet av året har vore knytt til siste del av dugnadsarbeid på naustet, og bygging av brua på Hansbu. Dette er utgifter som i stor grad blir dekkja av gåver frå Sparebankstiftinga, Grunneigarfondet og spelemidlar.

Det vil bli eit meirforbruk på om lag 55.000,- på tenestekjøpet. Dette kjem i hovudsak av fleire timar til feltarbeid i vinter.

Framlegg til vedtak:

Inga framlegg til vedtak.

Referat:

Gjennomgang ved sekretær.

Innspel på møtet:

- Det er tydeleg at det har budd folk i naustdelen i naustet ved Nedsta Krokavatnet i sommar/haust. Det må informerast betre om at det ikkje skal bu folk i den delen av hytta før neste sesong.
- Det bør monterast takrenner på naustet
- Det er potensiale for å auke utleiga til innanbygdsbuande. Fjellstyret må reklamere betre for hyttetilbodet lokalt.

Vedtak (sak UFS 23/19):

Fjellstyret tek orienteringa til etterretning.



UFS 24/19: Orienteringssak – Økonomi i Fjellstyra på Hardangervidda AS

Saksdokument:

Saksutgreiing:

I møte i Fjellstyra på Hardangervidda AS (FH) nyleg blei det informert om den økonomiske situasjonen i firmaet. Det var underskot i 2018, det er budsjettert med underskot i 2019, og det ligg an til underskot dei neste åra.

Det er peika på at den økonomiske utviklinga blant anna skuldast:

- auka lønsnivå
- auka kostnad ved innkjøp av driftsmiddel
- Sal av tenester til fleire mindre eksterne oppdragsgjevarar har falle bort
- Tenestesalet til SNO har same kronebeløp år for år, utan kompensasjon for løns- og kostnadsvekst
- Refusjonsbeløpet via Statskog har ikkje auka dei siste åra
- Ein målretta strategi om å gje tilsette fulle stillingar dei seinare åra, noko som har gitt auka lønskostnadar

Det blei drøfta ein auke i prisen på reinskort hjå alle fjellstyra som eit middel for å gi grunnlag for auka tenestekjøp. Eit anna tiltak som blei drøfta var å organisere FH og kvart fjellstyre som eit MVA-objekt, som vil føre til at fjellstyra slepp å betale MVA på tenestekjøp.

Det blei gjort fyljande vedtak i saka:

Dagleg leiar legg fram eit endeleg budsjett til handsaming på komande styremøte.

Fjellstyreleiarane orienterar om situasjonen og tek eventuelt opp forslaget om ein felles auke i prisar på villreinkort i dei respektive fjellstyra.

Administrasjonen arbeider vidare med utgreiing av moglegheit for organisering som eitt MVA objekt og auka eksternt tenestetal

Steinar Langesæter orienterer på møtet.

Framlegg til vedtak:

Inga framlegg til vedtak.

**Referat:**

Orientering ved Steinar Langesæter.

Det kom innspel om:

- å bruke fjelloppsynet til alt arbeid dei kan utføre
- undersøke moglegheita for å auke oppdragsmengda frå eksterne inntektskjelder
- fjellstyret bør ha ein jamn auke i pris på reinskort mm, tilsvarande prisveksten

Vedtak (sak UFS 24/19):

Fjellstyret tek orienteringa til etterretning.

UFS 25/19: Søknad om tilskot til bok om Litlos turisthytte**Saksdokument:**

- 25-19 DNT Oslo og Omegn - Søknad om støtte til bok om Litlos turisthytte
- 25-19 Hardanger Folkeblad – Artikkel om boka

Saksutgreiing:

Litlos turisthytte har vore i drift sidan 1922, og DNT Oslo og Omegn har planar om gi ut ei bok om turisthytta i samband med jubileet. Dei har søkt Ullensvang fjellstyre om støtte til boka. I søknaden skriv dei at dei vil fortelje historia om Litlos og om livet på denne delen av Hardangervidda. Boka vil omhandle bestyrarane, turforslag, planteliv, geologi, dyreliv, jakt og fiske. DNT Oslo og Omegn viser til at det er eit stort økonomisk løft å gi ut boka, som har ei førebels kostnadsramme på 200.000,-. Dei ber om støtte til prosjektet, og håpar på positiv respons. Bidragsytarar vil bli presentert i boka.

Heimelen for å løyve midlar frå fjellkassa ligg i fjellova § 11:

«Er overskotet større enn det som trengst til tiltak innan allmenningen, kan det av det overskytande løyvast midlar til føremål som tek sikte på å styrkje næringsgrunnlaget i dei bygdene som har rett til allmenningsbruk. Med samtykke frå departementet kan det òg løyvast midlar til allmennyttige føremål i desse bygdene.»

Eit eventuelt bidrag til ei bok om Litlos turisthytte kan slik sekretær ser det ikkje reknast som eit ålmennyttig føremål, og det må i tilfelle løyvast midlar på grunnlag av at utgiving av boka har « føremål som tek sikte på å styrkje næringsgrunnlaget i dei bygdene som har rett til



allmenningsbruk». DNT Oslo og Omegn er ikkje ei lokal bedrift. Samtidig har drifta av turisthytta ei lokal tilknytning, men sekretær er usikker på om dette er tilstrekkeleg til å konkludere med at utgiving av ei slik bok kan reknast som eit tiltak som styrkjar lokalt næringsgrunnlag. Fjellstyret må vurdere om dei meiner utgiving av boka er eit føremål som tek sikte på styrkje næringsgrunnlaget i dei bygdene som har rett til allmenningsbruk, og deretter om fjellstyret ynskjer å gi eit bidrag til dette føremålet.

Framlegg til vedtak:

Inga framlegg til vedtak.

Referat:

Fjellstyret er positive til prosjektet, men stiller spørsmålsteikn ved behovet for ekstern finansiering. Søknaden inneheld ikkje budsjett.

Steinar Langesæter kom med framlegg om fyljande vedtak:

Ullensvang fjellstyre er positive til bokprosjektet, men ynskjer at DNT Oslo og Omegn sender eit fullstendig budsjett for prosjektet før ein eventuelt tek stilling til søknaden.

Fjellstyret stilte seg bak dette.

Vedtak (sak UFS 25/19):

Ullensvang fjellstyre er positive til bokprosjektet, men ynskjer at DNT Oslo og Omegn sender eit fullstendig budsjett for prosjektet før ein eventuelt tek stilling til søknaden.

Samrøystes vedteke.



UFS 26/19: Ullensvang fjellstyre sine tankar om drifta av statsallmenningen frå 2020

Saksdokument:

Saksutgreiing:

Det blir endringar i fjellstyrestrukturen for Ullensvang statsallmenning frå 2020. Dersom det er ynskjeleg kan fjellstyret formidle ting som bør prioriterast av det nye fjellstyret. Det kan vere tiltak på hytter eller anna som fjellstyret ser som viktig at fjellstyret legg vekt på dei neste åra.

Framlegg til vedtak:

Inga framlegg til vedtak.

Referat:

Steinar Langesæter innleia med å orientere om prosessen rundt endra fjellstyrestruktur, frå vedtaket om intensjonsavtale mellom dei tre kommunane fram til i dag. Temaet blei diskutert, og ulike synspunkt blei drøfta.

Innspel til det nye fjellstyret om ting som bør prioriterast dei neste åra blei drøfta. Ting som blei nemnt:

- Oppsynshytta på Raudåna – hytta er i dårleg stand, og fjellstyret må ta stilling til om det skal gjerast utbetringar på bygget, eller om det skal byggast nytt
- Tiltak for å auke interessa for fiske
 - o organisert tur for folk som ikkje har erfaring og kunnskap om fiske og fjellet
 - o tiltak for å gjera det enklare å ta vare på fangsten – som til dømes røykeomn ved hyttene
 - o ha garn tilgjengeleg for utlån
- Lavvo i Grøndalen – vurdere å kjøpe ny lavvo og halde fram med å ha ein lavvo ståande i Grøndalen
- Status for båtane til fjellstyret – byte ut dei som må bytast ut
- Vurdere om det er behov for båtar i fleire vatn
- Registrering av alle private båtar i statsallmenningen
- Innkjøp av bålpanne til alle hyttene
- Prioritere vedlikehald på alle hyttene
- Vurdere om det er behov for å sette opp bruer fleire stadar



- Naustet ved Øvsta Krokavatnet – er per i dag ikkje i bruk, fjellstyret må ta stilling til kva dette bygget skal brukast til

Det blei konkludert med at det nye fjellstyret blir oppmoda om å prioritere fyljande tiltak:

1. Oppsynshytta Raudåna – ta stilling til om det skal gjerast utbetringar på bygget, eller om det bør byggast nytt
2. «Trivselstiltakspakke» for å legge til rette for auka bruk av hyttene, fiskeressursane med meir:
 - Fjellstyret sine båtar
 - Tiltak for å auke interessa for fiske
 - Innkjøp av bålpanner
 - Lavvo i Grøndalen

Vedtak (sak UFS 26/19):

Innspele i referatet blir vidareformidla til det nye fjellstyret.

UFS 27/19: Eventuelt

Informasjon om haustmøtet i Eidfjord 22.-23. november er tidlegare sendt ut til styret. Det var semje om at fjellstyret dekkjer overnatting inkl. mat for faste medlemmer og varamedlemmer i fjellstyret. Sekretær sender ut info om dette, og sender inn samla påmelding.